Men skal man vite om omvendelsen er slik som den bør være, må man være klar over omvendelsens hensikt. Og dens hensikt er slett ikke at du ved den skal bli behagelig og benådet for Gud, men at du skal *drives til Kristus*, som Paulus sier: «Så er da loven blitt vår tuktemester til Kristus, forat vi skulle bli rettferdigjort av tro» (Gal. 3, 24).

Kan du altså fremdeles gå bort fra Kristus uten å trenge til nåden, da er sannelig din syndefølelse ennå for liten. Kan du fremdeles søke din salighet i å forbedre deg selv, angre og be, så er din syndserkjennelse ennå ikke rett. Men så snart du ikke kan finne noen trøst i deg selv, i din anger o.l., men må fly til den blotte nåde i Kristus slik som du er, da er din omvendelse rett. For da er dens hensikt oppnådd: Den har drevet deg til Kristus.

Du forstår altså at når syndserkjennelsen er rett, er den ikke slik som du vil ha den. For da fant du trøst i noe i deg selv, men det er all slik trøst som må bort. *Den rette omvendelse er altså å være utilfreds med sin omvendelse!* Ja, du føler deg hard, sikker

og fordervet. Du må dømme deg selv som ugudelig og fordømt. Da først får Kristi blod æren for å frelse deg.

Altså : Dersom du spør hvor meget smerte over synden du må ha, så svarer vi at det ikke er spørsmål om meget, men bare så meget at du ikke kan leve uten Kristus, at du ikke kan finne ro før du er salig i ham. Det forlanges ikke mer, men heller ikke mindre.

Det er en villfarelse å tro at først skal man en tid ha sorg over synden, og siden kan man tro, siden får man fred, fryd og hellighet. Nei, begynn bare å tro på Kristus og følg ham så i den daglige omvendelse, så skal du nok siden få kjenne synden mer enn før.

Men djevelen har et fint og sterkt kunstgrep på sjelen. Et menneske kan tro alt Guds ord og søker kraft i det for hjerte og liv. Men det har en bestemt synd på samvittigheten. Da hvisker djevelen : Evangeliet er jo sant og nåden er stor, men det er jo noe særegent for deg. Hvis du ikke hadde dette, så kunne du fått nåde, men med deg er det en unntagelse.

Dette er det giftigste kunstgrep den gamle slangen bruker. For sannheten er den at det gis ingen unntagelse. Det gis ingenting som det ikke er sonet for i Kristi blod, og som tilgis når synderen kjenner sin nød og ved troen tar imot nåden. Det er jo evangeliets viktigste innhold : Om syndene er som skarlagten, skal de bli hvite som sne. David, røveren på korset, synderinnen, fornekteren Peter er talende bevis for det.

Det er nettopp for de vanskeligste synder og de største syndere som det ellers ingen hjelp var for hverken i himmelen eller på jord, at Kristus døde, forat hver den som tror på ham, ikke skal fortapes, men ha evig liv.

Kort sagt : Du kan aldri ha syndet så grusomt, aldri være sunket så dypt, at ikke Guds Sønns blod kan sone synden, så snart du redelig omvender deg og tar imot det i troen. Men det kan være godt når en har begått de svære fall, å bekjenne det for en sjelerøsørger forat sjelen kan komme til ro.

Etter Veiledning til fred.

Har du tapt din første kjærleik ?

(Johs. Openb. 2, 1-7).

Av Amund Lid

Gjennom disse breva, som er kalla sendebreva, til dei sju kristenflokkane i Little Asia let Jesus sitt syn på dei bli openberra, dei fekk med andre ord sjå seg sjølv med Jesu auger. Og det er nyttig for oss til alle tider å få sjå vårt sanne forhold til Jesus. Me treng om å sjå kva som er galt, og korleis eit rett forhold til Jesus er, eit sant og rett kristenliv i trua på Jesus.

I alle breva presenterar brevskrivaren seg, og etterlet seg ingen tvil om at det er Jesus som skriv. Les du dei i samanheng, så får du eit rikt bilet av Jesus og kven han er.

«Dette seier han som held dei sju stjernone i si høgre hand, han som går midt imillom dei sju gull-ljosestakane. Dette seier den fyrste og den siste, han som var død og vart levande. Dette seier han som har det tvieggja kvasse sverdet. Dette seier Guds Son, han som har augo som eldsloge og føter som skinande kopar. Dette seier han som har dei sju Guds ånder og dei sju stjernone. Dette seier den Heilage, den Sannordige, han som har Davids lykkel, han som let opp, og ingen let att, og let att, og ingen let opp. Dette seier han som er amen, det truverdige og sanner-

dige vitnet, opphavet til Guds skapning.»

Her er det ein som kjenner oss som talar, for han går mitt imillion oss og held oss i si høgre hand. Det kan du sjå av vers 1 og vers 20 i første kap. I morslivet kjende eg deg, og det same gjorde han før han kalte oss, seier Guds ord. Så ingen ting ved meg og deg er ukjent for han, eller kjem uventa og overraskande på Jesus. Og likevel kalte han oss og dei som han kalla har han rettferdigjort, og dei som han rettferdigjorde har han og herleggjort (Rom. 8).

Han seier her at han veit om deg, om gjerningane dine og arbeidet ditt og om tolmodet ditt. Inn under dette kjem også ditt forhold til Guds ord, til ditt bøneliv, di teneste for Jesus og andre og dine gjerningar i Guds rike på jorda, med andre ord alt det du gjer og arbeider som kristen. Når det gjeld denne leieren i Efesus, og dei kristne der, så ser det ut for at Jesus er fornøygd når det gjeld gjerningane og arbeidet. Kva trur du han vil seia om meg og deg, om våre gjerningar og vårt arbeid? Han legg også til at dei var tolmodige, endå dei hadde hatt mykje å bera for Jesu namns skuld, og du har ikkje vorte trøytt. Her meiner han vel helst at dei heldt ut, dei gav ikkje opp. Korleis står det til med oss her?

Dei kunne heller ikkje tola dei vonde, og hadde gjennomskua dei falske apostlar, falske forkynnurar og forkynning og lære. Korleis er vårt forhold til verda og det vonde, til falsk lære og forkynning?

Skal me nå himmelen og målet som ventar, så er det nødvendig at me prøver oss sjølv også når det gjeld disse ting.

Men eg har imot deg at du har gitt opp din første kjærleik.

Her ser me kva Jesus reknar for det største, kva som er hovudsaka. Kjærleiken er viktigare enn gjerningane og arbeidet. Størst av alt er kjærleiken, seier 1. kor. 12, 31-13, 13. At ektemaken arbeider og gjer alt for å skapa

ein god heim er av stort verd, men om ein annan har reist med hjarta og kjærleiken, då har det lite verd for oss. På samme måten ser Jesus det også, viser ordet her. Kristne gjer ningar og kristen livsførsel er bra, men manglar kjærleiken og hjarta sitt indre livssamfunn med Jesus, har det lite verd. «Om eg talar med mennesketunger og engletunger, men ikkje har kjærleik, då er eg ein ljomande malm eller ei klingande bjølla. Og om eg har profetgåva og kjenner alle løyndomar og all kunnskap, og om eg har tru, så eg kan flytta fjell, men ikkje har kjærleik, då er eg ingen ting. Og om eg gjev til føda for fatige alt det eg eig, og om eg gjev min lekam til å verta brend, men har ikkje kjærleik, då gagnar det meg ingen ting.» Slik talar Gud i 1. Kor. 13, 1-3.

«Kom difor ihug kva du er fallen ifrå, og vend om og gjer dei første gjerningane.» Kva er så den første kjærleiken som dei har gitt opp og falle ifrå? Det må vel vera Jesus sjølv. Me seier av og til om eit menneske, ho var hans første kjærleik. På same måten er det for ein frelst syndar, Jesus blei vår første kjærleik, han og hans kjærleik til oss, hans nåde og tilgivelse av alle våre synder blei alt for vårt hjarta. Me kunne ikkje tenkja oss å leva utan han, og song av hjarta: «Nei for all den ting jeg visste, kan jeg ei min Jesus miste.» Korleis står det til med hjarta sitt forhold til Jesus idag? Det kan me kanskje finna svar på i neste avsnitt.

«Vend om og gjer dei første gjerningane.»

Kva var dei første gjerningane me gjorde då me blei frelst? Det tok til med at me hørde Andens tale, Guds overbevisande ord, først om vår synd og sidan evangeliet. Dernest gav du i hjarta Gud rett, d.v.s. at du erkjente at du var ein fortapt syndar som trong om Guds tilgivande nåde, og du vende deg til Gud og ba om nåde og tilgivelse. Det førde til at du fekk tru at Jesus hadde sona og

tilgitt alle dine synder, at du var frelst av nåde, og du fekk sjå inn i Guds frelse i Jesus og fann kvile der. Du slepte Jesus med sin nåde og frelse inn i hjarta ditt og inn i livet ditt, og du lærde å elska Jesus og evangeliet over alt i ditt liv.

Disse første gjerningane er det Jesus ikkje lenger finn hjå denne leiaren og kristenfloken i Efesus, og dette er det han ventar å finna hjå oss framfor våre gjerningar og arbeid. Og årsaka er at det er her livet er å finna, og det er her det blir halde vedlike og veks i nåde og kjennskap til Jesus.

Å høyra Guds ord og tale, Andens overbevisning, er livsviktig for å bli frelst og for å bli bevart i samfunnet med Jesus. Du har vel merka at barna har ofte vanskeleg for å høyra og reagera på det me seier, og om dei høyrer med eit halvt ytre øyra og seier ja, så viser det seg snart at dei har ikkje høyrt det likevel, for dei tenkte på noko heilt anna eller hadde andre tankar og meininger om det me sa og ba dei om. Jesus har nok mange slike barn også idag.

Erkjenning, å gi Gud rett, det er livsnødvendig for eit Guds barn, først for å bli frelst og sidan for å bli bevart i nåden. Lever me ikkje dagleg i erkjenninga av at i meg sjølv, d.v.s. i mitt kjøt, bur ikkje noko godt, i erkjenning av synda som bur i meg og heng fast ved meg, av at eg kjem til kort på alle vis, av missgjort og u gjort, vil eg heller ikkje få erfara Guds nåde i hjarta og liv. Då vil det heile bli ein kunnskap utan at evangeliet og nåden blir ei Guds kraft som grip inn i hjarta og liv.

Like nødvendig som det er å leva i erkjenning av synda, i sorg og smerte over synda, i åndens fattigdom, like nødvendig er det å få leva i trua på Jesus og hans evangelium og nåde. Ved nådestolen i trua, der syndaren kjem med si synd og får nåde og finn miskunn, der er livskjelda som skapar liv og nærer liv. Der er kjærleikens kjelda og livets liv, og berre så lenge som me lever her har

me liv i Gud.

Har me gitt opp han som er vår fyrste kjærleik, og falle bort frå dette som Jesus kallar dei første gjerningane, då må me venda om og gjera dei første gjerningane som i den første tida. Om ikkje du gjer det, vil Jesus koma yver deg og flytta lyestaken din frå sin stad (vers 5). Det vil seia at då vil du ikkje lenger høyra til Jesu Kristi menighet, og der vil ikkje lenger finnast ein samr me-nighet i Efesus eller andre stader der det går på same vis.

Men dette har du at du hatar gjerningane åt Nikolaitane, som eg og hatar. Nikolaitane sin lære og gjerningar, vil vel seia at dei brukte sin kristne fridom til høve for kjøtet. Kjærleiken blei knytta til verda og dei ting som er i verda, i staden for til Jesus og nådens evangelium. Slike ting som kjøtslyst og øvens lyst og storlete i livnad, som alt isaman er av verda og ikkje av Gud. Den som let kjøtet råda, under skin av guds frykt og kristen fridom, han trår etter det som høyrer kjøtet til og blir gjenstand for Guds vrede. Der er den første kjærleiken borte.

«Den som har øyra, han høyrer kva Anden seier til menighetene.»

Det er bra å ha eit ope ytre øyra, slik at me kan høyra Guds ord, men ennå meir nødvendig å eiga eit indre øyra som høyrer Guds røst, og eit villigt sinn som let seg overbevisa av Gud og leida av Gud. Her treng me som Guds folk ein stadig vekking, slik at Guds røst når vårt samvit og bevisthet. Her er me ved tida si store naud: Få høyrer Guds røst, og få er dei som er villige til å lyda Guds ord, som er villige til å lat Guds ord vera høgste autoritet for hjarta og liv, både når det gjeld dei verdslege og dei åndelege ting.

«Den som sigrar». Kva vil det seia å sigra? Det vil ikkje seia det same som me til vanleg tenker på menneskeleg vis. At me ved eiga kraft og Guds kraft skal sigra over synd

og freistinger og prøvingar av dei ymse slag. Det vil enda i fariseisme, der sjølv den beste vil stå som ein tapar overfor Gud. Nei, å signa tyder ikkje det same for alle, det er avhengig av det forhold me står i innfor Gud. Jesus seier det til alle dei sju menighetene, men det tyder ikkje det same for alle. Her i Efesus tyder det at dei gir Jesus rett når han viser dei deira sanne forhold til Jesus, at dei har kome bort frå Jesus til tross for gjerningane og arbeidet og ikkje blei trøytte, og vender om til Jesus og dei første gjerningane att. Men om dei unnskyldar og forsvarar seg, og viser til sine gjerningar og sitt arbeid og det dei har halde ut for Jesu namn skuld, då vil dei tapa og bli i sitt fråfall. Men i brevet til Smyrna tyder det å signa noko ganske anna. Dei lever i trengsel og fattigdom, og møter trengsel, forfølgelse og spott frå dei som lever i eit falskt gudsforhold. Men Jesus seier at dei er rik, og må halda fast på det dei har, så ingen skal ta kruna deira. For dei tyder det å signa å halda fast på Jesus og evangeliet, midt i fattigdom og trengsel, spott og forfølgelse. For dei tyder det å signa å halda fast på det dei har, mens for Efesus tyder det å missa det dei har og set si lit til. For oss vil det seia å gi Gud rett når Anden og ordet overbevisar oss om vårt sanne forhold til Jesus, og i erkjenning venda om til han som er livet og elskar oss like til døden. Også for oss tyder det ikkje det same for alle, endå me alle les eller hører same orda. Den Heilage Ande vil anvenda orda ulikt på oss, alt etter som vårt personlege forhold til Jesus er, og han tek aldri feil. Her vil det hjelpa oss å leggja merke til *kven* me lyder på, og *kven* me gjerne vil skal ha rett.

«Den som sigrar, han vil eg gjeva å eta av livets tre som er i Guds paradis.»

Kva er så dette livets tre som Jesus her talar om? Me veit at det første livets tre sto planta i de første paradis, og Skrifta for-

tel at den som et av det skal aldri døy. Dette paradis med livets tre gjekk tapt ved synda, da Gud stengde vegen til paradis og livets tre på grunn av syndefallet.

Men Gud har gitt oss eit nytt livets tre, og det er Jesus, han som sjølv seier at han er det grøne treet og me er turre og døde tre. I han er der liv og lækjedom for alle som et av det, og den som et av dette treet skal i all øva ikkje døy. Dette treet er i Guds paradis. Jesus sa til røvaren at i dag skal du vera med meg til Paradis. Men han kjem også her ned til oss ved evangeliet om han, som skulle forkynnast til yste enden av jorda.

Han seier også at han er livets brød, som kom ned frå himmelen for å gi verda liv. Det er eit anna uttrykk for same sak, for som mannaen kom ned til Guds folk i øydemarka med liv, slik kjem evangeliet om Jesus til oss med frelse og evigt liv til kvar den som trur og sankar og et livets brød. Jesus kallar det også for det løynde manna, som han lover den som sigrar i eit anna av sendebreva.

Her kan ingen leva på gamal manna, for då vil det gå makk i den. Men du kan sinka ny kvar morgen og eta.

Korleis smakar brødet frå himmelen? Er du av dei som vemmes ved denne usle mat, eller er det ditt liv og din redning, ditt einaste håp?

«Kom! Kjøp og et, utan pengar og utan betaling». Det er for syndrar, for ugudlege og fortapte, for vonde og gode, rettferdige og urettferdige, for alle som har det vont. Menneskesonen kom ikkje for å kalla rettferdige, men syndrar til omvending. Han kallar også fråfalne kristne, det ser me av disse sendebreva.

Høyr Andens tale til menigheten! Den som hører hans røyst og lyder på henne, han skal leva.

Ein kristens moral, forhold til lov og rett og styresmakt

Skrifta lærer at me som er sameina med Kristus ved dåpen til døden hans, me er også oppreist med han til eit nytt liv, så me skal ferdast i ein ny livnad. (Rom. 6. kap.)

I dag ser me at eit forferdeleg moralsk forfall grip om seg, forakta for lov og rett og lova sine håndhevarar, for overordna og styremakt aukar frå år til år i folket vårt. Og det ikkje berre i blant vantru menneske, men me ser også at dei truande blir smitta og dregne med av villfaringa åt dei ugdlege. Skrifta lærer at det vil føra til at me feil ut av vår faste stoda i trua på Kristus.

Me skal berre nemna litt av det som viser seg i tida. For det første forakta for dei Gud har sett over oss. Barna sitt forhold til foreldra og den forakta dei syner for deira ord og formaningar, det moralske forfall som kjem til syne i seksualitet, hor alt i barnælderen, dei som lever ihor og lauslivnad ved å flytta saman utan ekteskap, skilsmissa og gjengifte med fråskilde, mord på det ufødde menneske i mors liv, tjuveri og vold o.s.v.

Dertil forakta for lov og rett, det moralske forfall på det økonomiske område. Skattesnyteri på dei ulike område og uærleghet i handel og vandel tek overhand. Det er ikkje uvanleg i dag når du kjøper noko av ein produsent eller har ein handverkar i arbeid, at du får tilbod om å utelata meirverdiavgifta ved å ordna opp utan å skriva noko rekning. Den som skal kjøpa eller selja ei hustomt får eller kjem med tilbod om ein offisiell pris, mens ein større sum skal gå under bordet og undra seg skatten. Forakten for lov og rett viser seg ofte ved å langt overskrida dei lovlege fartsbestemmelser som trafikklova fastset og slik kunne vi halda fram med mange fleire eksempel.

Forakta for overordna viser seg ikkje berre i forholdet barn og foreldre, men like mykje når det gjeld arbeidar og arbeidsgjever. Barna

vil styra og rå over foreldra, og arbeidaren krev å bli medeigar og ha råderett saman med arbeidsgjeveren og eigaren av bedrifta. Bebjæret og kravsmortaliteten kjenner ingen grenser, ser det ut for.

Moral og kristne verdiar som å vera ærleg og rettskaffen, sann og pålitelig, fornøgd og takknemmeleg, klara seg sjølv utan å leggjast andre til byrde, vera nøy som og gudfryktig, kunna klara seg med lite, rekna med Guds vel-signing og hjelp, er slike ting som blir forakta og spotta i vår tid.

Her er det lett å bli dregen med av dei ugdlege si villfaring, for denne verda sin Gud forblindar syn og sinn så umerkande steg for steg, så ein kan enda i synd utan å vera seg det bevist.

Her er det berre ein ting som kan hjelpe oss, og det er at me kjem inn i lyset frå Guds ord, der me får sjå det heile slik Gud ser det. Difor vil me her ta fram noko av det Guds ord lærer om disse ting.

Først frå Rom. 13. kap.: «Kvar mann vere lydig mot dei styremaktene han har over seg! For det finst ikkje styremakt utan av Gud, men dei som finst, dei har Gud skipa, så den som set seg imot styremaktene, han står imot Guds skipnad. Men dei som står imot, skal få sin dom. For dei som styrer, er ikkje til redsla for den gode gjerninga, men for den onde. Vil du sleppa å reddast styremakta? Gjer det som godt er, så skal du få ros av henne. For ho er Guds tenar, til gagn for deg. Men gjer du det som vondt er, så må du vel reddast, for ho ber ikkje sverdet for inkje — ho er Guds tenar, ein hemnar til refsing for den som gjer det som vondt er.

Difor er det naudsynleg å vera lydig, ikkje berre for refsinga skuld, men og *for skuld samvitet*. Difor er det då og de legg skatt, for dei er Guds tenrarar, som just syter for dette. Gjev alle det de skyldar å gjeva dei :

Skatt til den som skatt kan krevja, toll til den som toll kan krevja, age til den som age kan krevja, æra til den som æra kan krevja. Ver ingen noko skuldige, utan det å elska kvarandre ! for den som elskar den andre, han har oppfylt lova.»

Den lovlærde spurde Jesus : Kven er då min neste? Kanskje du spør : Kven er så dei som Gud har sett yver meg, kven er styremakta?

Det er for det første foreldra våre, dernest læraren som hjelper foreldra med å læra og oppdra oss ved Herrens tukt og formaning, det er samfunnet sine lover som er gitt til vårt vern og gagn, dei som er sett til å vakta på at lova bli fylgt, som lensmann og politi, regjering og storting. Det er også våre arbeidsgjevarar som me tenar og arbeider under o.s.v.

Skrifta lærer : «De barn, lyd dykker foreldre i Herren ! for det er rett. Æra far din og mor di — dette er det første bodet med lovnad — so det kan gå deg vel og du kan leva lenge i landet. De tenarar (arbeidarar), ver lydige mot dykker herrar etter kjøtet (arbeidsgjevarar), med age og otte, i dykker hjartans einfalde, som mot Kristus, ikkje med augneteneste, som slike som vil tekkjast menneske, men som Kristi tenarar, so de gjer Guds vilje av hjarte og godviljagt tener som for Herren og ikkje som for menneske; for de veit at kva godt kvar gjer, det skal han få att av Herren, anten det så er tenar eller frimann.» (Efes. 6, 1-8).

Vidare lærer Guds ord : «*Ekteskapet vere i akt og æra hjå alle*, og ektesenga usmitta I for lauslevande og horkarar skal Gud døma. Lat dykker ferd vera utan pengehug, så de er nøgde med det de har ! for han har sagt : Eg skal så visst ikkje sleppa deg og ikkje forlata deg, så me hugheilt kan seiā : Herren er min hjelpar, eg vil ikkje ottast». (Hebr. 13, 4-6).

«Ja, guds frykt saman med nøgsemd er ei

stor vinning. For me har ikkje hatt noko med oss til verda. Det er då naudsynt at me då heller ikkje kan ta noko med oss derifrå. Men når me har føda og klede, *skal me vera nøgde med det*. Men dei som vil verta rike, fell i freistung og snara og mange därlege og skadelege lyster, som søkkjer menneska ned i undergang og fortaping. For *pengehugen er ei rot til alt vondt*. Av trådom døretter har su-me fare vilt frå trua og har gjennomstunge seg sjølv med mange piner. Men du, Guds menneske, fly frå disse ting ! Mæn jaga etter rettferd, guds frykt, tru, kjærleik, tolmod, spaklynne! Strid den gode striden i trua, grip det øevelege livet, som du vart kalla til, du som og bar fram den gode vedkjenningsa for mange vitne !» (1. Timot. 6, 6-12).

Slike ord frå Gud treng me ofte koma ihug, og fylgja dei, om me skal ha von om å koma velberga gjennom denne mørkre og fråfallet si vonde tid. Paulus seier at sidan han hadde von om å møta Jesus, la han allstødt vinn på å ha eit uskadt samvit overfor Gud og menneske. Det kan me einast ha når det er reinsa i Jesu blod, og blir verande i hans ord og fylgjer det i kjærleik til sanninga.

Nokon vil kanskje innvenda at dei styrande gjer så mykje urett, og anvender våre skattar på ein slik måte, at dei ser det som ei plikt å ta saka i eigne hender. Men det er ein heilt menneskeleg og ubibelsk måte å tenkja på. Våre overordna skal også ein dag møta for Guds åsyn, og då lyt dei svara for han for korleis dei har utført det kall dei vart over-letne her i livet. Det står skrive : «Og de herrar, gjer det same mot dei, så de let vera å truga, for de veit at både deira og dykker Herre er i himmelen, og han gjer ikkje skil på folk» (Efes. 6, 9-)

Men det gjev ikkje oss nokon rett til å bryta Guds ord og bod og ta oss sjølv til rette. Det står fast at kvart menneske vere lydig mot styremakta og dei Gdd har sett over oss. Det finst berre eit unnatak, og det er når styre-

*Han seie sant min dyre stedfortreder.
Hans seier gjelder for meg nå idag.
Hans lydighet for meg, se det meg glede.
Han levet til Guds velbehag.*

*Takk Jesus takk, for ordet om en frelser.
Det større er enn all min synd og skam.
Når jeg får se at han for syndre gjelder
mitt blikk blir vendt fra meg til ham.*

Ragna Brendtøy.

makta og dei som er våre overordna vil ha oss til å gjera slike ting som klart stirr imot Guds vilje og ord. Då lærer Skrifta at ein skal *lyda Gud meir enn menneske*. Til dømes når styremakta kjem med lover som gjer det lovleg å ta livet av sine eigne barn i mors liv, då lyt me fylgja Guds lov som forbyr å ta liv — både eige og andres liv. Her lyt forældre, legar og andre som skal utføra den vonde gjerning *lyda Gud meir enn menneske*. Og når ein kristen er i den stoda at han skal stemma for eller mot ei slik ugudeleg lov, då lyt han *lyda Gud og hans ord framfor partiet han er vald av, elles så syndar han mot Gud og mot dei liv som blir offer for ei slik lov*.

Den som hører disse orda mine, seier Jesus, og gjer etter dei, han er ein vitug mann som byggjer huset sitt på berg. Det vil stå når stormane set mot huset. Men byggjer du på sand, vil det falla i stormen, og fallet blir stort.

A. L.

Jeg tror at Jesus verdens synd har sonet

Mel. Jeg gikk så ensom borte ifra Jesus.
Jeg tror at Jesus verdens synd har sonet.
Jeg tror han sonet derved også min.
Han ble jo hånet, spottet, tornekronet
for meg han gikk i kampen inn.

Kor : *Min frelse er i Jesus kjær.*
I ordet står den sannhet fast,
Og meg og mitt er uteblitt
min frelsesgrunn er Jesus Krist.

NESTEN VÅR

Rekk handa til din neste,
din bror som er i nød.
gi han eit ankerfeste,
så han vert sterkt og stødt.

Gi han som trøyst på ferda
eit ord, som skaper trygd.
og vis han rette gjerda,
den gode veg til dygd !

Løys han frå bører tunge
i hugen mild og mjuk -
og tenn så voner unge
i sjela hjå ein sjuk !

Ein ferdemann i heia
fekk røyna ve og vald.
Han kom visst ut av leia,
for røvarens hand han fall.

Samaritanen eine
bar kjærleik til den sjel,
som låg i fjell åleine.
Sæl den hjå sjuke dvel !

Kven vågar vera neste
for han som såra går
og gjera alt det beste
når andre kalde står ?

Men kjærleiken ei stansar
ved dei som står oss nær.
På verda all me ansar,
trøyst til nedtyngde ber.

Johan Låstad.